

Mellom

Modalen kommune (heretter kalla utleigar)
organisasjonsnr 964969302

og

Mo sokn (heretter kalla leigetakar)
organisasjonsnr 976995333

Leigeobjekt:

Det er i dag inngått bruksavtale for kyrkjestova i Flodmaal, adresse Mo 3 – 5729 Modalen

Areal: 132,5 m2 Arealet inneheldt kontorlokale, kjøkken/aktivitetsrom, stove/aktivitetsrom og tilhøyrande gang, garderobe og toalett.

Leigetakar kan i tillegg vederlagsfritt bruke fellesareal og møterom ved behov. Bruk av møterom og fellesareal må bestillast via Kundetorget.

Leigetid

Leigetida begynner 1.januar 2022 og er ikkje tidsavgrensa. Avtalen kan seiast opp av leigetakar med 3 månaders verknad.

Leigesum

Mo Sokn får vederlagsfritt leige lokala inklusiv bruk av fellesareal og møterom.

Framleige

Framleige er ikkje tillate.

Offentlege myndigheiter

Leigetakar må sjølv ordne med godkjenning frå Arbeidstilsynet, Helsevesenet etc. for dei aktivitetar som skal foregå i lokala og er ansvarleg for å oppfylle pålegg som kommer frå offentlege myndigheiter som følge av leigetakars drift.

Skilting

Utvendig og innvendig skilting skal settast opp etter avtale med utleigar.

Orden/avfall

Avfall, brukt emballasje, o.l. må ikkje settast i fellesareal eller uteområde på ein slik måte at det er til sjenanse for andre. Leigetakar legg opp til å kjeldesortere avfall. Brukt emballasje og liknande må ikkje verta plassert i fellesareal eller uteområde på ein slik måte at det er til ulempe for andre

Vedlikehald

Utleigar har vedlikehaldet av heisar, eigendommens elektriske hovudnett og bygningen utvendig. Han har i den forbindelse rett til når som helst å foreta arbeid som er nødvendige for eigendommens forsvarlege vedlikehald, og vidare forandringsarbeider, påbyggingar og ombygging og modernisering. Utleigar skal sjå til at arbeid med vedlikehald vert til minst moglege ulempe for leigetakar.

Leigetakars ansvar

Leigetakar har ansvar for normalt vedlikehald av lokala. Bygningstekniske forandringar kan leigetakar berre foreta etter skriftleg samtykke frå utleiger

Forandringar

Leigetakar må ikkje utan utleigars skriftlege tillating foreta forandringar eller installasjonar av fastmontert utstyr i lokala, og må ved fråflytting levere dei tilbake i same stand som ved overtaking, bortsett frå vanleg slitasje ved normalt bruk. Lokala må være reine og ryddige.

Leigekontrakta er underteikna i 2 eksemplar, eit til kvar part.


Mo, 28.06 2022

For leigetakar

Dato. 1/12 2022

Lars Bjarte Nesheim

Mo Sokn



Vedlegg: Oversikt areal kyrkjestova

For utleigar

Dato 1/12 2022

J. Tamm

Modalen kommune



Modalen kommune
Rådmannen